


Høyr kor kyrkjeklokka lokkar



Uskedal kyrkje 1914-2014

100 år

Eg fekk endeleg kjøpt jubileumsboka Høyr kor kyrkjeklokka lokkar om Uskedal kyrkje 1914-2014 og har dei siste dagane site og bladd og lese. Og la det vere sagt med ein gong: Eg er storleg imponert over det gode, grundige og fine arbeidet som her er gjort av redaktør og formgjevar Kaare Skaala og boknemnda.

Det kloke valet med ei innleiande kyrkjesoge gjev eit viktig oversyn og eit vidare perspektiv enn det vi ofte finn i slike jubileumsskrifter og den hundreårige historie om kyrkja og hennar plass i bygdesamfunnet kjem svært godt fram - både hovudhendingar og viktige detaljar.

Biletaterialet er omfattande, av god kvalitet og fint tilpassa saksinnhaldet. Den grafiske utforminga set sitt klåre preg på den vakre boka. Det er kreativt og gjennomført med stil frå fyrste til siste side.

Eg ynskjer soknerådet til lukke med eit dokument dei kan vera umåteleg stolte av og vonar at boka vil bli å finna i svært mange haeimar i Uskedalen.

*Med vyrdsam helsing Olaf
Agnar Gausvik*